



Notat

Dato: 27.08.2015
Arkivsak: 2015/7972-2
Saksbehandlar: vigbjo

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikkplan Sunnhordland - førebuing nytt anbod

Busstilbodet i Sunnhordland skal ut på nytt anbod, med oppstart frå juli 2017. Anboden skal lysast ut i februar neste år. Som del av førebuinga til anbodsutsetjinga skal det, i tråd med kollektivstrategien sitt handlingsprogram, utarbeidast ein trafikkplan for Sunnhordland. Trafikkplanen skal danne grunnlaget for rutetilbodet ved oppstart av nytt anbod, samt peike på prioriteringar for vidare utvikling av tilboden i området. Kollektivstrategien vert lagt til grunn med omsyn til mål og føringer for rutetilboden.

Rutepakkeområdet omfattar kommunane Stord, Bømlo, Fitjar og Sveio. Busstilboden skal sjåast i samanheng med ferje- og båttilboden, og ta omsyn til behov for samanhengande reiser i Sunnhordlandsregionen.

Busstilboden er i hovudtrekk det same som før sist anbodsutsetting. Justeringar som er gjort er i stor grad knytt til endringar i skulestruktur og båt- og ferjeruter. Skuleskyss utgjer ein stor del av ruteproduksjonen, og nærmere 40 prosent av reisene er skulerelatert. Den lovpålagde skuleskyssen vil legge premissar for store delar av tilboden samt behovet for bussmateriell.

Med grunnlag i kollektivstrategien vil trafikkplanen vektlegge å definere hovudlinjer for regionen, samt å tilpasse linjenettet i og rundt Leirvik til dagens utbyggingsområde og der transportbehovet er størst.

Det vil bli orientert vidare om nytt bussanbod Sunnhordland i løpet av hausten.

Dialog med kommunane

Tidleg i vinter vart alle kommunane i Sunnhordland (Stord, Bømlo, Fitjar, Sveio, Tysnes, Kvinnherad, Austevoll og Etne) informert om trafikkplanen og nytt bussanbod for rutepakke Sunnhordland. Her vart ein og samd med kommunane om den vidare dialogen kring trafikkplanen.

Etter dette er det halde eit eige dialogmøte med representantar for dei fire kommunane som er omfatta av det nye anboden. Føremålet med møtet var å få innspel til justeringar og omprioriteringar i busstilboden lokalt, for betre treffe behovet i kommunen. Aktuelle tema i møtet var dei viktigaste reiserelasjonane for innbyggjarane i kommunen, geografiske område med endra behov, kundegrupper som bør prioriterast og planar for skulestrukturen.

Det er planlagt eit nytt dialogmøte med kommunane i september.